



Møre og Romsdal fylke



Volda vidaregåande skule
Utdanningsprogram for ST/MD/MK/SA

SKULEREGLEMENT

2009-2010



SKULEREGLEMENT FOR ELEVAR VED VOLDA VIDAREGÅANDE SKULE

Fastsett med heimel i opplæringslova (Oppl) av 17.07.98 nr 61, §§ 2-9 og 3-7, § 9A 01.04.03 og § 8-2 01.08.03.

DEL A

FELLESREGLAR FOR VIDAREGÅANDE SKULE I MØRE OG ROMSDAL

FORMÅL

§ 1 Alle elevar har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø, som er rusfritt, og fritt for mobbing, vald og anna krenkande åtferd. Formålet med reglementet er å skape godt samarbeid, god trivsel, respekt og medansvar. Reglementet skal fremme god orden og gode arbeidsvanar og slik legge til rette for god læring. Reglementet forpliktar heile skulesamfunnet.

Reglementet skal omfatte:

- Elevane sine rettar og plikter
- Orden og åtferd
- Tiltak overfor elevar som bryt reglement, og framgangsmåten ved handsaming av slike saker

VERKEOMRÅDE

§ 2 Reglementet gjeld for alle elevar ved skulen under opplæring og, så langt anna ikkje er bestemt, også for vaksenopplæringa sine elevar, lærlingskuleelevar, hospitantar og andre når opplæringa går føre i skulen sin regi. Reglementet gjeld også ved opplæringsformer og aktivitetar som gis under skulens ansvar og regi utanfor skulen sitt område, så langt dette ikkje er i strid med lokalgitte påbod eller forbod, eller ved ekskursjonar. Reglementet er retningsgivande for vurdering av orden og åtferd.

RETTAR

§ 3 Elevane har rett til vidaregåande opplæring jfr. opplæringslova med forskrifter, fylkeskommunale vedtak og gjeldande læreplanar.

§ 4 Elevane har rett til ei opplæring som er tilpassa føresetnader, evner og behov. Elevane har derfor rett til og skal delta i:

- Planlegging av opplæringa
 - utforming av periodeplanar
 - tolking og analyse av læreplanmål
 - utforming av læringsmål
 - val og utforming av kriterium for vurdering
 - val av lærestoff i forhold til læreplanane, m.a. rett til sjølv å velje læreverk
 - val av arbeids- og vurderingsformer
- Gjennomføring av opplæringa

- Vurdering av opplæringa
 - sluttresultatet av arbeidet i forhold til læringsmål.
 - prosessen som førte fram til resultatet.

Desse momenta kan vere individuelle for den enkelte elev, felles for ei mindre gruppe eller for større grupper.

Skulen er ansvarleg for å gi elevane dei nødvendige føresetnadene for å kunne delta aktivt i dette arbeidet.

§ 5 Elevane har rett til å få tilbakemelding, oppfølging og rettleiing i forhold til dei mål den enkelte arbeider etter.

§ 6 Det skal gjennomførast førebudde elevsamtalar minst ein gong kvar termin mellom elev og kontaktlærer eller annan lærar.

§ 7 Ved faglege, personlege eller sosiale vanskar som har innverknad på opplæringa, har elevane rett til rådgiving, oppfølging og hjelp til å finne seg til rette, m.a. tilgang til sosial- og spesialpedagogisk teneste.

§ 8 Elevane har rett til rådgiving om utdanning og yrkesval.

§ 9 Skulen skal ha eit system som sikrar at det blir vurdert i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa er med på å nå dei måla som er fastsett for eleven eller gruppa.

Grunnlaget for vurderinga er læreplanverket sin generelle del og fagspesifikke delar som heile skulesamfunnet er forplikta overfor.

Eleven har rett til og skal delta i denne vurderinga.

§ 10 Elevane har rett til og bør ta opp med skulen (faglærer, kontaktlærer, rådgivar, skuleleiinga, evt. gjennom elevtillitsvalte) forhold som ikkje fungerer tilfredsstillande.

§ 11 Elevane har rett og plikt til å danne elevråd og å vere representert i skuleutval, skulemiljøutval og arbeidsmiljøutval.

Elevrådsrepresentantar har rett til regelmessige møte med skuleleiinga.

PLIKTER

§ 12 Elevane har plikt til å rette seg etter lover, reglement og instruks som gjeld.

§ 13 Elevane plikter å delta aktivt i opplæringa i den form den blir avtalt.

§ 14 Eleven skal snarast mogleg ta kontakt med faglærer dersom han/ho ikkje kan følgje opp arbeid til avtalt tid.

§ 15 Elevane skal følgje verne- og tryggleiksreglar og bruke det arbeidsty og verneutstyr som krevjast i læreplan eller som er påbode av arbeidstilsynet, departementet eller skulen.

§ 16 Elevane skal halde seg med nødvendig lærestoff, materiell og utstyr til eige bruk som skulen ikkje held. Pålagt materiell og utstyr eller betaling for dette må ikkje vere i strid med forskrift eller vedtak frå departementet eller fylkeskommunen.

§ 17 Skulen sin eigedom og utstyr skal brukast med omtanke. Hærverk og skade kan føre til erstatningsansvar, jf. skadeserstatningslova.

§ 18 Elevar som gjennom sitt arbeid, oppdrag eller verv i samband med vidaregåande opplæring blir kjend med spesielle opplysningar, har teieplikt etter forvaltningslova sine reglar § 13 - 13 f. Teieplikta gjeld også etter at eleven har avslutta vidaregåande opplæring.

DEL B SÆRSKILDE REGLAR FOR VOLDA VIDAREGÅANDE SKULE

ARBEIDS- OG LÆRINGSMILJØ

§ 19 Det skal leggjast vekt på å skape eit godt arbeids- og læringsmiljø prega av engasjement, aktiv deltaking og gode samarbeidsformer mellom alle i skulen. Det er viktig å vise respekt og medansvar og unngå eller hindre åtferd som har negativ innverknad på miljøet.

§ 20 Elevane må:

- vise omsyn og respekt for andre. Plaging, mobbing, vald eller anna krenkjande åtferd vert ikkje akseptert, og alle partar i skulesamfunnet pliktar å hindre at dette skjer.
- bidra til arbeidsro i timane, slik at framferda deira ikkje går ut over arbeidsmiljøet til medelevane.
- vise respekt for opplæringa, slik at lærarane får konsentrere seg mest mogleg om å undervise og hjelpe elevane i læringsarbeidet
- ha med avtalt skulemateriell og anna utstyr til timane
- møte presis til timar og avtalar
- melde frå når ein er sjuk eller av andre grunnar må vere borte frå skulen
- halde skulen sitt område reint og ryddig
- ta ansvar for at skulebygningar og inventar, utstyr og skulemateriell, blir teke godt vare på.

I tillegg gjeld:

- Det er ikkje høve til å bruke mobiltelefon/ kommunikasjonsutstyr, radio eller musikkanlegg i undervisningstimar eller på prøver utan at det er avtalt med læraren
- Ingen i skulesamfunnet har lov til å røykje eller bruke snus i skulebygningane eller på skulen sitt område. Skuleområdet er avgrensa av Engesetvegen, vegen forbi austinngangen, Vevendelvegen (vegen bort til nedre bygget og nedanfor nedre bygget) og Gymnasvegen. Idrettsplassen og området rundt Voldahallen vert rekna med i skuleområdet.
- Bruk og oppbevaring av rusmiddel er forbode på skulen sitt område. Det er også forbode å vere påverka av rusmiddel på skulen og ved tilstellingar som skulen arrangerer.
- Det er ikkje tillate å bruke skulen sitt internett til å laste ned eller spreie pornografisk og/eller rasistisk materiale, eller anna materiale som kan oppfattast som krenkjande eller som bryt norsk lov.
- Det er forbode å ha med seg og oppbevare farlege gjenstandar eller våpen på skulen sitt område.
- Elevar med bilar, mopedar og motorsyklar må parkere ved Voldahallen. Dei kan også nytte andre offentlege parkeringsplassar, men ikkje parkeringsplassane for tilsette ved nedre bygget, ved Vevendelvegen nedanfor skulen og ved Engesetvegen ovanfor skulen. Det er ikkje høve til å køyre inn på skuleplassane ved øvre og nedre bygget. Rektor kan i særskilde høve gjere unntak frå denne regelen.

§ 21 Brot på reglane ovanfor fører til merknad i **orden eller åtferd**.

Det vert gitt ein karakter i orden og ein karakter i åtferd. Karakteren God gjev uttrykk for vanleg god orden og åtferd. Karakteren Nokså god skal nyttast ved klare avvik frå vanleg god orden og åtferd, og Lite god uttrykkjer store avvik frå vanleg god orden og åtferd.

Grunnlaget for vurdering i orden er knytt til om eleven er førebudd til opplæringa, og korleis arbeidsvanane og arbeidsinnsatsen til eleven er. Det inneber m.a. om eleven er punktleg, følger opp arbeid som skal gjerast og har med nødvendig læremiddel og utstyr. Stort fråvær med ”ukjent årsak” kan føre til nedsett ordenskarakter.

Grunnlaget for vurdering i åtfærd er knytt til korleis eleven oppfører seg overfor medelevar, lærarar og andre tilsette i og utanfor opplæringa. Det inneber m.a. om eleven viser omsyn og respekt for andre.

Alvorlege brot på skulereglementet som fusk på prøver og innleveringar, krenkjande framferd andsynes medelevar, lærarar og andre tilsette, skade på andre personar og/eller deira eigedom, skade på skulen sin eigedom og rusmiddelbruk i skulebygningane, på skuleområdet og ved skulearrangement utanfor skulen kan åleine føre til nedsett karakter i åtfærd.

Vurderinga av orden og åtfærd skal haldast åtskild frå vurderinga av eleven sin kompetanse i fag.

§ 22 Nedsett karakter i orden og/eller åtfærd blir fastsett på grunnlag av **noterte merknader** og etter **drøfting i lærarmøte**. Elevane skal halde seg orienterte om merknader i SkoleArena.

§ 23 Elevar som står i fare for å få nedsett standpunkt-karakter i orden og/eller åtfærd skal **utan ugrunna opphald ha skriftleg melding** om det, anten faren oppstår tidleg eller seint i vurderingsperioden.

§ 24 RETNINGSLINJER FOR BRUK AV BERBAR PC I UNDERVISNINGA

- PC-en skal vere innan rekkevidde når timen tek til. Det er læraren som bestemmer når datamaskinen skal brukast/ikkje brukast, og kva den skal brukast til. Han/ho må markere tydeleg overgangen mellom aktivitetar med og utan datamaskin. Elevane må legge heilt ned loket på datamaskinen når den ikkje skal brukast. Elevane pliktar å ha framme lærestoff. Skrivesaker skal vere tilgjengeleg dersom PC-en ikkje skal brukast.
- Kommunikasjon via Internett, t.d. Facebook, Nettby, Twitter og spel på datamaskinene er forbode i undervisningstimane, med mindre det inngår i undervisningsopplegget. Elevar med automatisk oppstart av slike program må endre innstillingane.
- Det er forbode å surfe på internettsider med usømeleg innhald
- Øyrepøppar/headset må alltid vere av i starten av timen. Det er berre lov å høyre på musikk i undervisningstimane etter avtale med faglærar under sjølvstendig arbeid
- Privat bruk av fildelingsprogram og nedlasting av film/musikk og annan programvare er forbode, då dette medfører at nettverket vert tregare.
- Under prøver og eksamen vil det bli teke stikkprøver for å avsløre fusk. All trafikk kan også bli logga for å avdekkje kommunikasjon mellom datamaskinar. Ved uregelmessigheiter i nettverket vil det også utan nærare varsel kunne bli teke stikkprøver. Vi viser elles til avsnittet om fusk i skulereglementet.
- Brot på norsk lov vil bli meldt til politiet.
- Brot på desse retningslinjene fører til åtfærdsmærknad.

FRÅVÆR

§ 25 Alt fråvær for elevar skal først på vitnemål og kompetansebevis. Fråvær skal først i dagar og enkelttimar. Rektor kan bestemme om fråvær for den som ikkje er elev i alle fag, skal først i dagar og timar eller berre i timar. Elevar skal føre sitt eige fråvære i SkoleArena og oppgi fråværsgrunn ("Egenmelding-elever"). Kontaktlærer har kontroll- og oppfølgingsansvar. Fråvær som ikkje eleven har oppgitt årsak til er "ukjent fråvær".

§ 26 Årsaka til fråvær kan krevjast ført på dokumentasjonen (vitnemål/kompetansebevis). Eleven har sjølv ansvaret for å dokumentere årsaka til fråværet.

§ 27 Organisert eller sjølvstendig studiearbeid og skuleadministrative gjeremål skal ikkje reknast som fråvær. Skriftleg søknad om løyve til organisert/sjølvstendig studiearbeid skal sendast til rektor. **Det vert ikkje gitt høve til sjølvstendig studiearbeid i samband med feriefråvær og fråvær p.g.a. arbeid.** Sjølvstendig studiearbeid og skuleadministrative gjeremål godkjende av rektor skal ikkje først som fråvær.

§ 28 **Inntil 14 skuledagar** i eit skuleår kan krevjast ikkje ført på vitnemålet dersom det **kan dokumenterast** at fråværet skuldast: Arbeid som tillitsvald i elevorganisasjon eller landsdekkjande organisasjon, politisk arbeid, hjelpearbeid, lovpålagde oppmøte og helse- og velferdsgrunnar. Som dokumentasjon i samband med helsemessig grunn (sjukdom), reknast legeerklæring, eller signert melding frå foreldra om eleven er under 18 år. Om eleven er over 18 år, er det nok med signert melding frå eleven sjølv.

Elevar som er medlemmer av andre trussamfunn enn Den norske kyrkja har, **innanfor totalramma på 14 skuledagar**, rett til inntil to dagar fri ved religiøse høgtider.

§ 29 Permisjon pga fråvær

Elevar skal på førehand søke permisjon for planlagt fråvær. Faglærer kan gi permisjon for sine timar, kontaktlærer for ein dag. Viss elevar skal vere borte **meir enn ein dag**, skal det sendast **skriftleg søknad til rektor**.

§ 30 **Stort fråvær, manglande deltaking i planlagde vurderingssituasjonar eller andre særlege grunnar kan føre til at grunnlaget for halvårsvurdering med karakter eller standpunktkarakter manglar.**

FUSK

§ 31 Bruk av ulovlege hjelpemiddel og kommunikasjon med andre i ein prøvesituasjon blir rekna som fusk. Det same gjeld avskrift eller kopiering av andre sine produkt (t.d. gjennom internett) utan å gi korrekte kjeldetilvisingar og levere dei som sine egne.

§ 32 Dersom ein elev blir teken i fusk eller forsøk på fusk ved prøver eller innleveringar, skal forholdet meldast til rektor.

§ 33 Eleven vil verte kalla inn til samtale med faglærer og rektor, der han/ho vil få høve til å forklare seg.

§ 34 Det vert ikkje gjort vurdering av den prøva eller arbeidet det gjeld. Er det allereie gitt karakter, skal den annullerast.

§ 35 Karakteren i åtfærd vert sett ned.

§ 36 Dersom ein elev vil mangle vurderingsgrunnlag fordi han/ho har fått annullert karakteren på eit produkt som inngår i vurderingsgrunnlaget, vil eleven etter avtale med faglærer få høve til å skaffe seg det.

TILTAK VED BROTT PÅ SKULEREGLEMENTET

§ 37 Brot på reglementet vil resultere i reaksjonar mot eleven i form av refsingstiltak, særskilde tiltak og/eller nedsett karakter i orden og/eller åtfærd. Klageinstansen for nedsett ordenskarakter og for nedsett åtfærdskarakter er fylkesutdanningsdirektøren. Klaga skal sendast skulen.

Aktuelle refsingstiltak kan vere:

- påtale frå ein av dei tilsette ved skulen
- utestenging frå gruppa for resten av timen etter rektor si avgjerd
- inndraging av ulovlege gjenstandar

§ 38 Ved alvorlege brott på skulereglementet, eller dersom eleven ikkje betrar seg etter refsingstiltak, kan særskilde tiltak setjast i verk.

Dette inneber:

- bortvising av eleven inntil fem dagar etter vedtak av rektor. Klagenemnda (fylkesutvalet) er klageinstans.
- bortvising for resten av skuleåret etter vedtak av fylkesutdanningsdirektøren, jf. opplæringslova § 3-8. Dette kan medføre at eleven i tillegg taper sine elevrettar etter § 3-1 i same lova. Fylkesutvalet er klageinstans.
- tap av retten til vidaregåande opplæring etter vedtak av utdanningsutvalet. Fylkesmannen er klageinstans.

Bortvising medfører ikkje at eleven fell utanfor ansvaret til oppfølgingstenesta.

Alle tiltak skal dokumenterast skriftleg.

§ 39 I tillegg til refsingstiltak eller særskilde tiltak kan t.d. følgjande vere ein konsekvens av brott på reglementet:

- avgrensa tilgang til spesielle aktivitetar ved gjentekne eller alvorlege brott på reglar/retningsliner for slike aktivitetar.
- ved skade o.l. på skulen eller annan sin eigedom der det er nødvendig med særskilde reinhaldstiltak og/eller reparasjon av skade vil erstatning bli vurdert (jf. skadeserstatningslova).

SAKSBEHANDLING VED BROTT PÅ SKULEREGLEMENTET

§ 40 Før refsingstiltak blir sett i verk, skal eleven ha høve til å forklare seg.

§ 41 Ved særskilde tiltak skal rektor først rådføre seg med eleven sine lærarar. Før ein tek i bruk særskilde tiltak skal skulen først vurdere alternative tiltak, t.d. hjelpetiltak og/eller individuell kontrakt, og rådgjevar eller sosialpedagogisk personale skal ha uttalt seg.

§ 42 Vedtak om bortvising er enkeltvedtak etter forvaltningslova. Rektor skal etter §17 i forvaltningslova sjå til at saka er så godt klårgjort som mogleg før vedtak vert fatta. Det er viktig at all dokumentasjon er skriftleg. Munnlege fråsegner som vert tillagt vekt ved avgjerda må vere nedteikna, jf. § 22 i forvaltningslova.

Eleven og evt. foreldre/føresette/annan fullmektig skal få høve til å uttale seg.

For minoritetsspråklege med manglande kunnskapar i norsk, bør rektor sjå til at foreldre/føresette har kunna gjere seg kjende med innhaldet.

Rektor må byggje si avgjerd på fråsegn (skriftleg og/eller munnleg) frå eleven, for umyndige frå foreldre/føresette, og eventuelt frå fullmektig.

Kontaktlærer, og eventuelt rådgjevar, faglærer(ar) eller andre involverte, skal uttale seg før avgjerd vert fatta.

All lokal dokumentasjon skal leggjast ved til den instansen som fattar avgjerd.